



Uskedalselva er ein viktig ressurs for bygda (Foto: Kristian O. Bringedal.)

**Etter saka vår om fiskehølane i elva i går, har vi fått fleire henvendelsar om fisket i elva denne sesongen. Grunn- og elveeigarlaget melder at dei har fått gode tilbakemeldingar på omleggingane dei har gjort. Likevel er det nok heilt nødvendig med ei grundig evaluering av drifta i sesongen som no nærmar seg slutten. Elva er svært viktig for sommarbygda Uskedalen.**

Alvorleg er det at det vert hevda at føregår både tjuvfiske og ganske omfattande rykking. Ein fiskar melder om at det for få dagar sidan vart landa to laksar. Begge var skada med tydelege sår etter rykking. Det var brukt store kveiteanglar.

Det er og observert fiskarar med polaroidbriller som er velkjent brukt når ein rykkjer fisk. Ved lita vassføring ser ein då fisken tydeleg.

Frå eit anna hald vert det sagt at det går rykter om fiskar som har tatt ei betydeleg mengde fisk ved denne stygge 'fiskemåten'.

Det vert hevda at sal av færre fiskekort, kan ha gjort kontrollen av fisket i elva dårlegare. Tidlegare då elva var 'open for alle', var det fleire fiskarar og dei kontrollerte kvarandre.

Ein annan ting som fleire nemner, er at mengda fisk som er rapportert inn, er altfor lav. Det vert m.a. vist til at det berre er 2 grunneigarar som har rapportert inn fangst. Truleg er det reelle kvantumet mykje høgare enn 407kg, kanskje meir enn det doble. Innrapporteringa viser og berre 2 laksar siste 3 vekene trass i at det til tider har vorte observert ganske mange fiskarar ved elva.

Uskedalselva er svært viktig for bygda. Den er godt innarbeidd! Og er ein ressurs for bygda!! Mange legg turar og ferie hit for å fiske i den. Derfor er det svært viktig at den vert forvalta på ein god måte.

Det er viktig at ein melder frå om ting. Grunn- og elveeigarlaget er avhengig av innspel, både positive og negative, og dei må ta ei grundig evaluering av årets sesong.

Dette må liggja i botnen når neste fiskesesong i elva skal verta så attraktiv som mogeleg!

Av: Thor Inge Døssland.